



6.klasse vart vinnarklassen.

Hoppetaukonkurransen Hopp for hjarta er avslutta og helselaget stilte med gavesjekk på 1000 kroner til vinnarklassen og lunsj til heile skulen. Lunsjen var sponsa av Brødrene Hjørnevåg og Elin's Matgleder.

Nasjonalforeningen avviklar ein slik konkurranse kvart år og årets oppgjer var det tiande etter at vel halvparten av skulane hadde delteke. Elevane frå fjerde til sjuande klasse hoppa tau i 10 dagar og no er den lokale vinnaren kåra.

Skulen takkar helselaget, Hjørnevåg og Elin Enes for strålende servering og mat - nærare bestemt fiskekaker og grove hamburgerbrød. Både ungar og tilsette let vel over maten. Sjetteklassen hadde hoppa maksimalt kvar dag.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Thor Inge Døssland